

Uttale til høyring Lonena Plan ID 1263-201610

Til Lindås kommune

Det politiske nivået i Lindås kommune (PMU) har i samband med handsaminga av Lonenaplanen inkludert delar av Isdal felles sin eigedom (185/1) i planarbeidet. Grunneigarane i Isdal felles (185/1-7))har tidlegare svart på dette, og er negative til at politikarane ønskjer å bandleggja eit så stort område. I planframlegget vert det gjeve eit juridisk grunnlag for tiltak som kan styrke og vidareutvikle dei kvalitetane som er i friluftsområdet Lonena i dag. Me meiner at det er uheldig for det som gjeld 185/1, og at våre areal skal takast ut av planen.

I dag er arealet på 185/1 regulert som LNF, og det inkluderer ein grusveg med 15 meter på kvar side av vegen. Me registrerer elles at arealet er markert, men at sjølv grusvegen ikkje er teikna inn i plankartet.

Det at området i dag er definert som LNF, gjev ein del føringar. Dette gjer at det vil vere svært lite truleg at noko kan byggast der i overskodelig framtid. Sjølv søknader om små utvidingar av eksisterande bygg vert sendt vidare til fylkesmannen for uttale når dei ligg på LNF. I tillegg skal kommunen sjølv ta stilling til alle søknader. Når dei politiske signala om fokus på friluftsliv er klare, vil dette vere ein vesentleg del av vurderinga for delegerte vedtak. Me meiner difor at plan og miljøutvalet går for langt når dei inkluderer våre areal i planen rundt Lonena. Ein status som LNF opnar også for omsyn til natur og landbruk, og me har store vanskar med å sjå at friluftinteressene ikkje i framtida også kan balanserast mot desse to. Det avgrensar andre interesser og gjev lite fleksibilitet i framtida. Lov om friluftsliv garanterer dessutan allmenta sin tilgang på utmark. Det må gå an å tenkje "både og", ikkje berre "anten eller".

Me ønskjer elles å presisera at tre sentrale aktørar i denne prosessen har økonomiske interesser i at våre areal vert omregulerte til friluftsområde. For Rygir eigedom som utbyggjar, vil det vera tenleg å bygga ut mest mogleg på eigne areal. Dersom naboen har tilnærma gratis friluftsområde kan dei auke si inntening og sleppa å bruka eigedomen dei sjølv har til føremål som, diverre, ikkje har same økonomisk verdi som næringsareal eller bustadareal. Knarvikmila har i mange år prøvd ulike strategiar for å få utvida fullmakter på Isdal felles. Dei har store inntekter frå sponsorinntekter og interesser i våre areal. Frå tidlegare erfaring med Lindås kommune veit me at dei ikkje kvier seg for å gjera friluftsområde om til næringsareal. Ei omregulering til friluftsområde reduserer den økonomiske verdien og kommunen kan "frikjøpe" for ein låg pris. Om 10-15 år kan kommunen igjen mangedoble verdien ved å gjere arealet om til næringsareal.

Me forstår det slik at det er to ulike kategoriar av reguleringar som legg til rette for friluftsliv. Me meiner også at omregulering til friareal ikkje er tenleg. Ved statleg frikjøp kan ein garantera arealet, men ein låser seg i for stor grad og kan ikkje gjere endringar i framtid, noko som kan vere uheldig om behova då skulle vere andre enn no. Resten av området er godt ivaretatt, så behovet for at staten skal løysa det ut, må vera liten. Me meiner interessene til friluftslivet kan løysast på andre måtar, og at dialog og samarbeid med grunneigar er ein betre veg å gå. Me kan heller ikkje sjå at det skal vere problematisk for friluftslivet i området å vere ein del av landbruk og naturinteresser.

Ettersom arealet på 185/1 frå politikarane si side er tatt med fordi det er tiltenkt friluftsliv, legg me til grunn at det er «Konsekvensutgreiing for friluftsliv» som er det viktigaste faktagrunnlaget for spørsmål som gjeld våre areal. Me meiner at det er feil og manglar i utgreiing som burde vore retta opp før den vart sendt ut og at det er fleire poeng i utgreiinga ein må sjå vekk frå. Me ønskjer også å kommentere spørjeundersøkinga, som er med å danne grunnlaget for denne utgreiinga.

Kommentar til konsekvensutgreiing for friluftsliv

I telefonsamtale med Opus kjem det fram at Lindås kommune har spesifisert at grusvegen rundt Lonena er ei turløype. Dette er feil. Grusvegen det er snakk om vart bygd i samband med at Lindås kommune sette opp eit vasstårn på Isdal felles sin eigedom. Veggen har altså eit konkret føremål, og det er ikkje å vera ein turveg, det er å skaffa tilgang til å byggja, vedlikehalda og sjå til den daglege drifta av eit vasstårn.

Det er for all del positivt at veggen kan brukast til fleire føremål. I etterkant av at veggen (og vasstårnet) var bygd, kontakta Knarvikmila oss som grunneigarar med ønskje om å setje opp lysmaster, slik at grusvegen også kunne brukast til turløype. Dei fekk lov til å setje opp åtte master. Det vart sett opp atten master. Altså meir enn dobbelt så mange lysmaster som grunneigar gav løyve til.

Ein grunnleggjande premis for at Knarvikmila fekk setje opp lysmaster, var at deira aktivitetar og interesser skulle vike dersom det vart aktuelt med sal eller bustadbygging i området. Me har difor store vanskar med å sjå at det er nettopp deira syn som skal vere dominerande i delar av konsekvensutgreiinga. Difor ber me om at uttalar og informasjon frå Knarvikmila om deira interesser og aktivitetar knytt til våre areal, vert strokne.

Figur 23 er dessutan utdatert og burde ikkje vore med i utgreiinga. Det er eit løypekart over terrengløpet Knarvik Xtrem, som har gått i vår mark. Løpet var planlagt over vår innmark, utan løyve og i strid med friluftsløva. Det var me som grunneigarar som måtte kontakte arrangør for å orden opp i dette. Etter nokre år med dette løpet over vår eigedom, var erfaringane at løpet gjorde stor skade og det er no flytta vekk frå 185/1.

Kommentar til spørjeundersøking

Det er flest respondentar som har sett undersøkinga på Facebook. Fb spreier etter interesser, vener og standpunkt, altså er det risiko for at ei relativt homogen gruppe har svart og at spreinga i type synspunkt vert for dårleg. Det er dei som brukar området mest som har svart, dei som av ulike årsaker ikkje går der, har i langt mindre grad gjennomført spørjeundersøkinga. At utvalet er sjølvselekerande, gjer at dei mest engasjerte og dei som meiner mest svarar oftast. Det er uheldig for resultatet.

Difor er også det positive ved Lonena framheva, medan det negative er mindre vektlagt. Som grunneigarar kan me vere einige i at veggen rundt Lonena er ein fin stad å ferdast dersom ein treng ein lågterskel, lett tilgjengeleg stad å vere. Og det kan vi alle, frå tid til anna. Det er òg fint om ein ønskjer ein sosial stad. Likevel er det allereie i dag mange argument for ikkje å gå tur i akkurat her, men heller ferdast andre stader. Om ein ønskjer ro og fred, går ein allereie i dag heilt andre stader, fordi det er for mange turgåarar der. Difor verkar uroa for innsyn til løypa litt overflødig, særskilt ettersom det innanfor vår eigedom ikkje skal byggjast ut. Somme av oss vil også hevde at det finst langt betre naturopplevingar andre stader. Me meiner desse momenta må få større fokus enn det gjer i undersøkinga.

Det har òg lenge vore reklame i Lonena, noko som har vore heilt i orden. Dei siste åra har dette auka mykje, noko som for oss er negativt. Reklamen er difor fjerna frå den delen av veggen som Isdal felles eig. Det kommersielle aspektet er for somme med på å redusere gleda av å ferdast i Lonena.

Mange kommentarar i spørjeundersøkinga som er gjort handlar dessutan om tiltak - altså ikkje natur, men apparat og tilrettelegging. Plasserer ein dette i bakken og på det som er vår grunn, vil dei som ønskjer å gå ut i marka og vekk frå folk, få lengre veg. Ein vil òg ta vekk meir av naturen. Me meiner difor at det vil vera ein fordel om slike installasjonar er mest mogleg sentralt plassert, og ikkje på 185/1.

I undersøkinga registrerer me elles at 81% av respondentane har svart at «jobb»(73%) eller «skule» (8%, berre 65 personar i aldersgruppene 0-34 år har svart), er den viktigaste sosiale møtestaden i kvardagen. I dette ligg eit viktig poeng i debatten om folkehelse. Friluftsliv er for all del positivt. Det kjem likevel – diverre – ikkje til å løyse systematiske skilnader i samfunnet, og folkehelse er – diverre-systematisk ujamt fordelt. Både i samfunnsdelen av kommuneplanen i Lindås kommune og i spørjeundersøkinga som danner grunnlag for konsekvensutgreiing for friluftsliv vert det gjort sterke koplingar mellom folkehelse og friluftsliv. Me er ueinige i dette fokuset på at friluftsliv løyser så mange helseproblem. Derimot er det slik at folkehelse heng systematisk saman med utdanning. Jo høgare utdanning ein har, jo betre helse har ein.

I samfunnet som heilskap er det dessutan slik at levealderen går opp, av heilt andre grunnar enn deltaking i friluftsliv. Eit omfattande vaksinasjonsprogram og utrydding av sjukdomar er medverkande årsaker til at dagens 1-åringar kan rekne med å leve i 120 år til, allereie før dei har tatt sitt første steg.

Eg vil med dette oppmoda politikarane i Lindås kommune om å ta 185/1 ut av planområdet og oppretthalde det som LNF.

Med helsing

Aina Isdal Haugland

185/5